



Styreleiar Erlend Moen (til høgre) takka for seg under generalforsamlinga. Til venstre sit styremedlem Anne Guri Kildal Haugland, som er kontakt mot kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aktivitetshuset nærmar seg fullføring og går no inn i ei ny fase – det ein kan kalla driftsfasen. Det viktigaste heretter blir å skaffa nok inntektsbringande aktivitet slik at ein ikkje blir avhengig av gåver for å klare driftsutgiftene.

Dette vart understreka då Uskedalen Aktivitetshus hadde si generalforsamling torsdag kveld. Større inntekter kan ein ikkje minst få gjennom meir utleige. Det er framleis mykje ledig tid fredag kveld og i helgene. Ei anna inntektskjelde er å få opp fleire reklameskilt i hallen, og dette er ein godt i gang med.

I fjor gav leigeinntekt og kjøp av reklameplass knapt 40.000 kroner medan gåver og flaskepant gav vel 120.000. Aktivitetshusets Damevenner overførte 92.000 kroner til huset og avgåande styreleiar Erlend Moen karakteriserte dette som "ei kjempeviktig inntektskjelde"
- Vi hadde hadde slete utan damevennene, sa Moen.

Styret kunne leggja fram ein positiv driftsrapport med tilhøyrande rekneskap, som synte eit årsresultat på 316 kroner. Drifta gjekk altså i balanse sjølv om det var store utgifter knytta til ferdigstillinga. Eit anna nøkkeltal i rekneskapen var ein finanskostnad på 66.000 som knytta seg til eit tilleggs lån. Aksjekapitalen i selskapet er 716.000 kroner. Styret har vore inne på om denne bør aukast, men har ikkje gått inn for det førebels. Av dei 716 aksjane har Uskedalen Idrettslag 300.

Valet var ikkje så enkelt. Både styreleiar Erlend Moen og dugnadsbas Jan Berntsen takka for seg i styret og det hadde fram til generalforsamlinga ikkje lukkast valnemnda å finna erstattarar for dei. Løysinga vart at styret så snart som mogeleg skal rekruttera inn to nye ved å ta kontakt med dei største aksjonærane.

Ellers i styret sit Odd Steinar Arnesen som representant for idrettslaget (attvald no), Anne Guri Kildal Haugland som kontakt mot kommunen og Vidar Haugland, som har ansvar for utleigefunksjonen. Berntsen vil halda fram som dugnadsbas inntil hallen er ferdig.

Vidar Haugland formidla ein ide om å byggja klatrevegg i hallen og ideen fekk ei positiv mottaking, ikkje minst av Jan Berntsen, som streka under at ein slik vegg vil skapa auka aktivitet. Men spørsmålet er kor vegen skal monterast og om han vil bli høg nok, påpeika andre.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Berntsen (nærmast) går ut av styret men held fram som dugnadsbas til jobben er gjort. Vidare langs bordet sit Odd Steinar Arnesen (styremedlem), Bjarte Døssland (valnemnda) og Vidar Haugland (styremedlem). (Foto: Ola Matti Mathisen)